

# KORLEIS SKRIVE BUDSJETT



# Levele

God styring med eigen økonomi

# Korleis skrive budsjett?

**Eit enkelt budsjett kan vera med på å hjelpa deg til å få oversikt over eigen økonomi. Dersom du har laga deg eit budsjett, bevisstgjer du deg sjølv på kva pengane dine går til, og kvar du kan spara pengar!**

Hugs: du treng ikkje å vera eit matematisk geni for å laga deg eit budsjett. Å greia å halda budsjettet handlar mest om oppførsel, minst om økonomisk kunnskap.

## **Kva er eit budsjett?**

Enkelt forklart: Ei oversikt over alle inntekter og utgifter du har. Inntekter er til dømes løn/ytingar, utgifter er ting du brukar pengar på: huslån/husleige, mat m.m

Det kan vera lurt å setja opp budsjett for ein månad om gongen.

Eit budsjett er eit "levande" dokument. Det betyr at dersom noko endrar seg, enten inntekter eller utgifter, er det viktig at du held informasjonen i budsjettet oppdatert. Eit budsjett er eit verktøy som du bør bruka aktivt gjennom heile året!

## **Kva treng du for å laga budsjett?**

Eit rekneark på datamaskina di er eit godt utgangspunkt. Microsoft Excel er døme på eit slik program. Det fins og ei rekkje fullgode gratisalternativ:

- Google Sheets [docs.google.com](https://docs.google.com)
- Apache Open Office [openoffice.org](https://openoffice.org)
- FreeOffice [freeoffice.com](https://freeoffice.com)
- LibreOffice [libreoffice.org](https://libreoffice.org)

## **Steg 1**

Skaff deg oversikt over kor mykje pengar du får inn kvar månad, dette er løn og ytingar. Dette finn du lettast i nettbanken din.

## **Steg 2**

No må du få oversikt over dei faste utgiftene du har kvar månad. Typiske faste utgifter er:

- Huslån/husleige
- Billån/andre lån
- Kommunale avgifter(V/A, bhg, SFO++)
- Straum, internett, mobil
- Forsikringar
- Faste abonnement

## **Steg 3**

Dei utgiftene som kan variera noko kvar månad må og med. Variable utgifter kan vera:

- Mat
- Klede
- Hushaldningsartiklar
- Reise/underhaldning
- Diverse anna

#### Steg 4

Det er no moroa byrjar! No skal du setja opp inntekter og utgifter opp mot kvarandre i eit rekneark. Du kan laga reknearket sjølv, eller du kan nytta deg av ein mal du finn på nettet. Lenke til fleire forskjellige malar finn du på [levele.no](http://levele.no).

Nedanfor ser du eit døme på korleis eit utfylt budsjett for ein månad kan sjå ut. Dette dømet er sett opp med tre kolonner: Inntekter og utgifter, budsjett, og faktisk bruk. Sjå neste side for forklaringar.

#### Steg 5

Det kan ha god nytteverdi å fylla inn faktisk bruk når månaden er gått, for å finna ut korleis pengane er brukt, og om det kan gjerast endringar på nokon av postane.

Budsjetteksempellet nedanfor går i null, altså brukar ein like mykje pengar som ein får inn. Det kan vera lurt å planleggja for å spare noko også: Det treng ikkje vera mange kronene kvar månad. Dei fleste malar for budsjett har eigen post for sparing, nytt deg av moglegheita eit budsjett gir det til å spare litt!

### MÅNADLEG BUDSJETT

INNTEKTER	BUDSJETT	FAKTISK BRUK
Løn/ytingar	24000	
Andre faste inntekter	1 500	
<b>Sum inntekter</b>	<b>25 500</b>	
<b>FASTE UTGIFTER</b>		
Huslån/husleige	10 000	
Andre lån	1 500	
Kommunale avgifter	2 500	
Straum	1 500	
Internett	500	
Mobiltelefon	500	
Div. abonnement	150	
Forsikringar	850	
<b>Sum faste utgifter</b>	<b>17 500</b>	
<b>VARIABLE UTGIFTER</b>		
Mat	4 000	
Klede og shopping	500	
Hushaldningsartiklar	1000	
Reiser og underhaldning	2000	
Diverse	500	
<b>Sum variable utgifter</b>	<b>8 000</b>	
<b>TOTAL</b>	<b>0</b>	



*Sjekk utgiftene du har hatt i løpet av månaden opp i mot kva du har sett opp i budsjettet. Slik kan du halda budsjettet ditt oppdatert, og kan justera etter behov.*

**Celle:** Ei «rute» i eit rekneark kallar vi celle  
**Rad:** Alle cellene som går vassrett, er ei rad.  
**Kolonne:** Alle celler loddrett etter kvarandre er ei kolonne

**Summering:** I eit rekneark kan du legga inn automatisk summering i ei celle, slik at du slepp å rekna ihop sjølv. Alle malane du kan lasta ned frå nett har slike celler.

**MÅNADLEG BUDSJETT**

INNETEKTER	BUDSJETT	FAKTISK BRUK
Løn/ytingar	24000	
Andre faste inntekter	1 500	
<b>Sum inntekter</b>	<b>25 500</b>	
<b>FASTE UTGIFTER</b>		
Huslån/husleige	10 000	
Andre lån	1 500	
Kommunale avgifter	2 500	
Straum	1 500	
Internett	500	
Mobiltelefon	500	
Div. abonnement	150	
Forsikringar	850	
<b>Sum faste utgifter</b>	<b>17 500</b>	
<b>VARIABLE UTGIFTER</b>		
Mat	4 000	
Klede og shopping	500	
Hushaldningsartiklar	1000	
Reiser og underhaldning	2000	
Diverse	500	
<b>Sum variable utgifter</b>	<b>8 000</b>	
<b>TOTAL</b>	<b>0</b>	

↑ **KOLONNE**
↑ **Summering**

↓ **CELLE**  
 ↓ **RAD**

Sjølvs om det vil stå definisjonar i cellene på ein mal du har lasta ned frå nett, er det ikkje sikkert at det som står passar for deg. Då forandrar du slik at det passar deg og ditt behov. Nedanfor ser du nokre døme på korleis eit mal kan sjå ut:

<b>Enkelt budsjettskjema</b>			
<b>(Oppsettet kan brukes til en husstand med flere medlemmer, men da må man legge sammen inntektene som skal inn på lønn)</b>			
<b>Inntekter pr.mnd</b>		<b>Utgifter pr.mnd</b>	
<b>Netto lønn pr mnd.:</b>		<b>Husleie:</b>	
<b>Barnetrygd:</b>		<b>Boliglån:</b>	
<b>Bostøtte:</b>		<b>Forsikringer:</b>	
<b>Hjelpestønad:</b>		<b>Kommunale avgifter:</b>	
<b>Kontantstønad:</b>		<b>Strøm:</b>	
<b>Barnebidrag:</b>		<b>Barnehage/barnepass:</b>	
<b>Annen inntekt:</b>		<b>Barnebidrag:</b>	
		<b>Tlf/Data/kabel-TV:</b>	
		<b>Kredittkort:</b>	
		<b>Forbrukslån:</b>	
		<b>Reise utgift jobb:</b>	
		<b>Medisiner:</b>	
		<b>Sparing/Buffer:</b>	
		<b>Annet:</b>	
<b>Sum:</b>	0,00	<b>Sum:</b>	0,00
<b>Legg inn de punktene du har behov for så legger skjemaet sammen de punktene som du har fylt ut og presenterer det beløpet som er differansen.</b>			
<i>Merk at dette ikke dokumenterer noe, men er et hjelpemiddel for å gi deg en oversikt over inntekter og utgifter</i>			
<b>Disponibelt beløp:</b>	0,00	Dette skal dekke øvrige utgifter som mat, klær, regninger osv.	

Denne malen finn du lenke til på [levele.no](http://levele.no)

2021	Januar	
	Budsjett	Faktisk brukt
<b>INNTEKT</b>		
Lønn/trygd	0	0
Leieinntekter	0	0
Barnetrygd/barnbidrag	0	0
Andre inntekter	0	0
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>GJELD</b>		
Boliglån	0	0
Studielån	0	0
Billån	0	0
Forbrukslån/kredittkort	0	0
<b>Sum gjeldsutgifter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>BOLIG</b>		
Husleie	0	0
Kommunale avgifter	0	0
Alarm/sikkerhet	0	0
<b>Sum boligutgifter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>FASTE UTGIFTER</b>		
Barnepass - barnehage/SFO	0	0
Forsikringer	0	0
Strøm	0	0
Mobil	0	0
Internett	0	0
Kontigenter/abonnement/medlemskap	0	0
Transport/bensin/bompenger	0	0
<b>Sum faste utgifter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>VARIABLE UTGIFTER</b>		
Mat	0	0
Klær/shopping	0	0
Underholdning	0	0
Reiser	0	0
Restauranter / uteliv	0	0
Diverse	0	0
<b>Sum variable utgifter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>SPARING</b>		
Banksparing	0	0
Fond/aksjer	0	0
<b>Sum sparing</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>TIL OVERS</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Denne malen finn du lenke til på [levele.no](http://levele.no)

# Tips til å halda budsjettet ditt

**Automatiser** betalinga di av rekingar. Nytt deg av banken din sine moglegheiter for AutoGiro og eFaktura. På denne måten sikrar du deg at rekingane dine blir betalt tidsnok.

**Mange kontoar** i banken kan og vera lurt. Kva om du har ein konto for inntekter, ein konto for faste utgifter, ein konto for andre utgifter, og ein sparekonto? Set opp automatiske overføringar mellom kontoane kvar månad:

Om du knyter eit bankkort opp til kontoen for andre utgifter, har du betre kontroll på kva pengane dine går til!



**Treng du alt du har?** ...eller kanskje du har noko du kan selja? Å tenkja gjenbruk er ikkje dumt, det kan vera kroner å henta i både selja og å kjøpa brukt.

**Når du er på butikken:** Har du lagt ein plan for kva du skal ha? Noko så enkelt som ei handleliste kan vera med på å halda utgiftene nede under handleturen. Eit godt tips her kan vera å ha ein fast "butikkdag" ein eller to gonger i veka. Spontankjøp eller handel på tom mage er aldri ein god idé!

**Om du har bil,** og fyller drivstoff: Tenk deg godt om før du kjøper pølse og brus når du eigentleg berre skulle fylle drivstoff...

**Spar småsummar:** straumetenester kan vera eit eksempel på småsummar som fort kan utgjera fleire tusen kroner kvart år. Eksempel på slike tenester: Netflix, HBO, Spotify, Viaplay, Disney+, m.m. Har du abonnement på mange slike tenester, ver litt kritisk med deg sjølv: Har du bruk for alle, eller kan du avslutta nokre av dei, eventuelt setja dei på vent?

Fleire tips til sparing og styring med eigen økonomi finn du på [levele.no](http://levele.no)

[levele.no](http://levele.no)

# Levele

God styring med egen økonomi

## **NAV - 5555 3333**

Telefonnummeret til NAV. Det er dette telefonnummeret du ringer dersom du vil kontakta NAV om noko.

## **800GJELD - 800 45353**

Økonomirådstelefonen i NAV. Lågterskel kontaktpunkt der du kan få enkle råd og tips til sjølvhjelp knytt til din eigen økonomi. Ikkje nøl med å ta kontakt - ingen spørsmål er dumme!

## **LEVELE på nett**

Tips og triks knytt til god styring på eigen økonomi. Podcasten til Levele finn du og her!

[www.levelle.no](http://www.levelle.no)